

For dei mange  
– ikkje for dei få



## Kven betalar for statlege reformer

---

Talet på oppgåver til kommunane aukar stadig. Diverre ser me ei trend der overføringane frå staten til kommunane ikkje aukar i lag med ansvaret. I 2020 var til dømes bemanningsnorm i barnehagane og lærarnorm for Stord kommune, underfinansiert med 7,4 millionar kroner. Dette må nokon betala.

Når ikkje staten tek rekninga vert kommunane nøydde til å gjera det, og det går på kostnad av andre viktige tenester som ikkje er lovpålagde – som til dømes fritidsklubbar og andre gode tiltak.

I 2020 blir skatteoppkrevjarfunksjonen lagt under staten. Staten har rekna ut kva dette vil koste. Dei faktiske utgiftene til fleire kommunar har vore vesentleg lågare enn det staten har tenkt å bruka på dette. Då vert til dømes Stord kommune trekt om lag 1 millionar kroner i overføringar frå staten i 2020 og ca. 2,7 millionar kroner pr. år frå 2021. Desse to døma utgjør samla 10,1 millionar kroner, og er diverre ikkje dei einaste døma ein kan trekkja fram. Dette er nok ein situasjon dei aller fleste kommunar kan kjenna seg att i. Ikkje rart då at staten er rik og kommunane er lutfattige.

Vestland SV krev at alle reformer som Regjeringa og Stortinget ynskjer å innføra skal vera dekkta fullt av staten. Ein kan ikkje halda fram med å sveltefora kommunane.